



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BLU-BACH15

Predefinert informasjon

Startdato:	28-12-2020 09:00	Termin:	2020 HØST
Sluttdato:	08-01-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
SIS-kode:	203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2020 HØST stord		
Intern sensor:	Sissel Janette Aastuedt Halland		

Deltaker

Navn:	Solfrid Marie Jansen
Kandidatnr.:	144
HVL-id:	572533@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Tittel *:	Den første tida i barnehagen
Antall ord *:	13979

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	170,144,149
Gruppenummer:	14
Andre medlemmer i gruppen:	Regine Fondenes Nilsen, Janne Fitje

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Den første tida i barnehagen
The first time in kindergarten

Kandidatnummer: 170, 144, 149

**Fullt namn: Regine Fondenes Nilsen, Solfrid
Marie Jansen, Janne Fitje**

Namn på bachelorprogrammet: BLU-BACH15

Fakultet/Institutt/program:

FLKI/IPRS/Barnehagelærerutdanninga Campus Stord

Rettleiar: Sissel Aastvedt Halland

Innleveringsdato: 08.01.2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Det har vore spanande og lærerikt å arbeide med denne bacheloroppgåva. Arbeidet har til tider vore krevjande og vi har vore gjennom ein lang prosess som har krevd fokus og mykje arbeid. Vi sit igjen med mykje ny kunnskap om tilvenning i barnehagen, og denne prosessen har ført til at vi ønskjer å lære enda meir om dei yngste barna i barnehagen. Gjennom arbeidet med denne bacheloroppgåva har vi fått god hjelp og vi ønskjer å koma med nokon takksame ord. Vi vil retta ei stor takk til rettleiaren vår Sissel Halland, som har gitt oss gode tilbakemeldingar og motivert oss undervegs i skrivinga. Med sitt brennande engasjement for dei yngste barna i barnehagen, har ho inspirert oss til å skrive denne oppgåva. Vi vil òg takke informantane våre som stilte opp til intervju. Takk for at dykk kom med mange gode svar som la eit godt grunnlag for arbeidet vårt.

Stord 18.desember 2020

Janne Fitje, Regine Fondenes Nilsen og Solfrid Marie Jansen

Samandrag

I denne bacheloroppgåva har vi fokusert på dei yngste barna. Vi har studert kva tilvenning er og korleis pedagogisk leiar legg til rette for ei god tilvenning. Gjennom kvalitativ metode, har vi funne ut meir om tilvenning i barnehagen. Vi nytta oss av intervju for å samle inn data knytt til vår problemstilling som er: «Kva er tilvenning, og korleis legg pedagogiske leiar til rette for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?»

Våre funn viser at det blir brukt tre dagars tilvenning med foreldra til stades. Det vert brukt kontaktperson og det er denne personen som har hovudoppgåva for å sørge for trygg tilknytning under tilvenningsperioden. Det siste funnet er at det blir lagt stor vekt på å tryggje foreldra under tilvenningsperioden. Våre funn vert drøfta i lys av teori, informantane sine utsegn og vår eiga stemme.

Summary

In this bachelor thesis we have set our focus on the younger children, what adaption is and how the educational leader facilitates a good adaption. With the use of a qualitative method we found out more about adaption in kindergarten. We used interviewing to collect data connected to our thesis question which is “What is adaption, and how does the educational teacher facilitate a good adaption for the younger children in the kindergarten?” Our findings show that three days of adaption with the parents being present is being used. There is a contact person which is assigned to make sure of a good adaption and that the adaption period goes well. The last findings is the emphasis on making sure that the parents feel safe during the adaption is big. Our findings are discussed in light of theory, the informants` sayings and our own voices.

Innholdsfortegnelse

Forord	2
Samandrag	3
Summary	3
1.0 Innleiing	5
1.1 Bakgrunn for val av tema	5
1.2 Presentasjon av problemstilling og avklaring av omgrep.....	5
1.3 Oppgåva si oppbygging	6
1.4 Tidlegare forskning	6
2.0 Teorigrunnlag	7
2.1 Styringsdokument	7
2.2 Å byrja i barnehagen.....	8
2.3 Tre dagars tilvenning	9
2.4 Trygg tilknytning.....	10
2.5 Kontaktperson skal sørge for trygg tilknytning	12
2.6 Å tryggje foreldra.....	13
3.0 Metode	15
3.1 Kvalitativ metode	15
3.2 Intervju	16
3.3 Vår forskingsprosess.....	16
3.4 Etisk perspektiv	17
3.5 Validitet og kjeldekritikk	18
3.6 Analyse	19
3.7 Vår analyseprosess	19
4.0 Presentasjon av funn i intervju	20
4.1 Tre dagars tilvenning	20
4.2 Kontaktperson og personalet skal sørge for å etablere trygg tilknytning	21
4.3 Å tryggje foreldra i tilvenningsperioden	21
5.0 Drøfting	23
5.1 Tre dagars tilvenning	23
5.2 Kontaktperson og personalet skal sørge for å etablere trygg tilknytning	27
5.3 Å tryggje foreldra i tilvenningsperioden	30
6.0 Avslutning	33
7.0 Litteraturliste	34

1.0 Innleiing

Stadig fleire barn byrjar i barnehagen og mange byrjar allereie før fylte 1 år. Overgangen frå heim til barnehage er ei stor endring for eit lite barn som har vore heime fram til barnehagestart. Dette krev at tilsette i barnehagen har kunnskap om tilvenning for dei yngste barna i barnehagen for å sikre best mogleg overgang frå heim til barnehage. Kvar haust kjem det nye, håpefulle barn og foreldre i barnehagen klare for ein ny epoke i livet. Tilvenning er noko personalet på småbarnsavdelinga vil møte på kvart einaste år, og tilvenninga vil sjeldan vera lik frå gong til gong. Ein god barnehagestart vil kunne leggje eit godt grunnlag for vidare løp i barnehagen.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Då vi skulle i gong med denne bacheloroppgåva hadde alle tre vore i praksis på ei småbarnsavdeling. Etter undervisning om småbarnspedagogikk og arbeidet med dei yngste barna i barnehagen, var dette noko vi alle tre fann stor interesse i og noko vi ønskte å få meir kunnskap om og betre forståing for. Vi var nysgjerrige på kva teorien sa i forhold til det vi hadde opplevd i praksis og kva betydning barnehagestarten har for barna. Vi har ulik erfaring frå tilvenning i barnehagen.

Vi synest omgrepet tilvenning er interessant. Ordet er ofte brukt som om det er noko vi vert ferdige med etter ei lita stund. Alle er i tilvenning i ulike fasar i livet både som barn og vaksne, og vi har sjølv kjend i vaksen alder på kor krevjande ein slik prosess kan vera. Korleis er det då for eit lite barn som møter eit heilt nytt miljø og som skal takle denne overgangen, etter kvart utan sine aller næraste? For å få betre forståing for denne prosessen og for at vi skulle få læra meir om kva som kan skape ei best mogleg byrjing i barnehagen landa vi på nettopp temaet tilvenninga for dei yngste barna i barnehagen.

1.2 Presentasjon av problemstilling og avklaring av omgrep

Temaet vårt i denne bacheloroppgåva er tilvenning for dei yngste barna i barnehagen, og problemstillinga vår er «Kva er tilvenning, og korleis legg pedagogisk leiar til rette for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?»

Denne problemstillinga krev at vi definerer omgrepet tilvenning i barnehagen. Med tilvenning i barnehagen meiner vi når eit barn byrjar i barnehagen for aller første gong, som skal venne seg til denne store overgangen i livet. Abrahamsen (2013) skildrar byrjinga i barnehagen som

“Et farvel til spedbarnsalderen, og et farvel til en verden som for de fleste barn oppleves som god og nær, oversiktlig og kjent” (Abrahamsen, 2013, s. 69).

1.3 Oppgåva si oppbygging

I første del av oppgåva har vi sagt noko om bakgrunn for val av temaet vårt, presentert temaet og problemstillinga vår. Vi har vidare avklart omgrep som er viktige for vidare lesing av oppgåva. No vil vi presenterer kort om tidlegare forskning rundt temaet. I andre del viser vi til teori og styringsdokument som legg grunnlag for drøftingsdelen. Vi har valt å ha med relevant teori om tilvenning i barnehagen. Vi presenterer kva tilvenning i barnehagen går ut på, kva kontaktperson er og rolla den har for å etablere trygg tilknytning. Vi skriv om betydninga av å tryggje foreldre under tilvenninga og om tre dagars tilvenning. I tredje del presenterer vi metodekapittelet, kor vi skriv om kvalitativ metode og grunngjev kvifor vi har valt den metoden. Vi skriv om kvalitativt intervju og tek føre oss etikk, validitet og kjeldekritikk, samt vår forskingsprosess og analyseprosess. I fjerde del presenterer vi funn frå intervjuet og drøfter dei i lys av relevant teori og vår eiga stemme. I siste del skriv vi avslutning der vi vel å summera opp det vi har funne ut etter arbeidet med denne oppgåva.

1.4 Tidlegare forskning

Det er fleire som har forska på tilvenning i barnehagen retta spesielt mot dei yngste barna. Både Drugli (2017) og Abrahamsen (2015) byggjer mykje av sin teori på tilknytningsteorien til John Bowlby. På bakgrunn av May Britt Drugli (2017) si forskning på korleis småbarns tilvenningsrutinar er i norske barnehagar, viser det at dei fleste barnehagar framleis har tre dagars tilvenning, som ei fast ordning for dei yngste barna (Drugli, 2017, s.54). Abrahamsen (2015) argumenterer for at “Barn er totalt avhengige av oss, mens vi ikke er avhengige av dem på samme måte. Men har vi kunnskap om og forståelse for tilknytningsteorien og kan anvende den, vil jeg argumentere for at det kan få positive implikasjoner for hvordan vi forstår oppdragelse og pedagogisk arbeid med de yngste barnehagebarna” (Abrahamsen, 2015, s. 15).

Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad (2013, s. 13) meiner at kvalitet i ein barnehage er klart knytt til dei vaksne sin kompetanse og relasjon til barna, og hevder at dette er den avgjerande faktoren som skaper gode eller dårlige barnehagar. Dei seier vidare at det er viktig at barn får knyte seg til dei vaksne i barnehagen og at barnet treng minst ein eller fleire sekundære tilknytingspersonar. Dette vil dermed vera viktig å jobbe for i tilvenningsperioden. Barna

treng tilknytingspersonar for å få ro og tryggleik til å utforske og lære i barnehagen (Brandtzæg et.al., 2013, s. 21). Brandtzæg et.al., (2013) viser til forskning der barn treng å få knyte seg til stabile vaksne som reagerer sensitivt på barnet sitt behov for å utvikle kjensler og sosiale evner. Opplevinga av at ein kjend og nær vaksen passar på, er viktigare enn noko anna dei aller første åra av livet og kunnskap om tilknytning, og barn sine grunnleggande behov vil vera til stor hjelp i omsorga for andre sine barn (Brandzæg, et.al., 2013, s. 17).

2.0 Teorigrunnlag

I dette kapittelet viser vi til styringsdokument og relevant teori knytt til vår problemstilling som vi vil bruke vidare i drøftingsdelen. Teorien vi byggjer oppgåva vår på seier noko om å byrje i barnehagen og kva det har å seie for dei yngste barna. Vi viser til teori om trygg tilknytning og rolla kontaktpersonen har for å sikre at barna opplev trygg tilknytning ved barnehagestart. Vidare presenterer vi metodisk teori knytt til tilvenning i barnehagen. Til slutt går vi inn på korleis barnehagepersonalet bidrar til å tryggje foreldra under tilvenninga av barnet som skal byrje i barnehagen.

2.1 Styringsdokument

Gjennom utvikling av arbeidet i barnegruppa eller innanfor dei områda pedagogen er sett til å leie, skal den pedagogiske leiaren leie arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Dette omfattar òg arbeidet med å sørgje for at barnet skal få ei god og trygg byrjing i barnehagen, og difor må barnehagen leggje til rette for dette og samarbeide med foreldra. Barnet skal etablere relasjonar, få tid til å bli kjend, og knyte seg til andre barn og til personalet. Barnehagen skal organisere tid og rom, og tilpasse rutinar slik at dette vert til ein realitet. Personalet skal sørgje for tett oppfølging når barnet byrjar i barnehagen og den første tida, slik at barnet kan oppleve tryggleik og tilhøyrsløse til å utforske, leike og lære (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33). Personalet i barnehagen skal ivareta barna sine behov for omsorg og kunne leggje til rette for at barna kan knyte seg til kvarandre og til personalet. Det står òg at personalet skal sørgje for at alle barn opplev tryggleik, tilhøyrsløse og trivsel i barnehagen. Vidare seier rammeplanen at personalet skal møte alle barn opent med varme, interesse og dei skal vise omsorg for kvart enkelt barn. Personalet skal vera lydhøyr for barna

sine uttrykk og imøtekomme deira behov for omsorg med sensitivitet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19-20).

Arbeidet med foreldre er relevant for vår oppgåve, og rammeplanen for barnehagen seier at: “Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barne hage-lova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

2.2 Å byrja i barnehagen

Det å byrje på noko nytt vil ofte vera ei avslutting på noko anna, og alle overgangar kan vera vanskelege. Abrahamsen (2013) skildrar byrjinga i barnehagen som “Et farvel til spedbarnsalderen, og et farvel til en verden som for de fleste barn oppleves som god og nær, oversiktlig og kjent” (Abrahamsen, 2013, s. 69).

Barna er gjerne ikkje meir enn eitt år når dei byrjar i barnehagen og eittåringar kan som andre menneske, ha motstridande kjensler for endringar. Det kan vera vanskeleg å gå frå det trygge og kjende, for så å møte noko nytt. På den eine sida er det sterke krefter i eittåringen som er retta mot utforsking og leik, nye erfaringar og opplevingar. På den andre sida er det krefter i barnet som vert styrt av det motsette, nemleg redsel og angst for det ukjende og endringar (Abrahamsen, 2013, s. 69). Sorg og smertefulle opplevingar kan framkallast av barnet sin redsel for å misse dei nære omsorgspersonane (Abrahamsen, 2013, s. 69). Samstundes treng barnet emosjonell støtte og ei forsikring om at foreldra eksisterer, sjølv om dei ikkje kan kjenne dei eller sjå dei heile tida (Abrahamsen, 2010, s. 32). Det er på bakgrunn av ei slik forståing viktig å tenkje over korleis dei tilsette i barnehagen legg til rette for ei god byrjing i barnehagen.

Tilvenning har tre føremål. Det første føremålet er å la det nye miljøet bli ein vane for barnet. Det andre er å gje barnet minst ein pedagog eller vaksen på avdelinga som barnet kan bli godt nok kjend med, slik at den vaksne kan bli ei erstatning for foreldra den tida barnet er i barnehagen. Det siste føremålet er å gjere barnet klar for å vera fleire timar i strekk utan foreldra. På denne måten får den vaksne engasjere seg i utforsking og leik, og den vaksne kan setja tilknytningssystemet i kvilemodus (Broberg, et. al., 2014, s.131).

Barnehagestart for første gong er ofte samansett med sterke kjensler både hjå barn og foreldre (Broberg, Hagström & Broberg, 2014, s. 129). Den dagen foreldra overlèt barnet ein heil dag i barnehagen, tenkjer mange at tilvenninga er over. Forsking viser at barn tilsynelatande kan sjå tilpass og rolege ut, samstundes som meir subtile signal viser at tilknytningssystemet deira er ”fråkopla” eller fullt aktivert, snarare enn i kvilemodus. Dette fortel oss at barnet kan kjenne seg “ny i barnehagen”, sakne foreldra sine og vera sjenert i lang tid etter at tilvenningsperioden tek slutt (Broberg, et.al., 2014, s. 131).

2.3 Tre dagars tilvenning

I følge Drugli (2017a) treng små barn gradvis å oppleve tryggleik i samspel med barnehagepersonalet. Den nye livssituasjonen til barnet vil kjennast enklare for barnet desto tryggare barnet er på ein eller fleire vaksne i barnehagen når foreldra ikkje lenger er til stades med dei i barnehagen. Dersom barnet vert åleine med personalet i barnehagen før det har blitt kjend og trygg på dei, vil det vera ein svært vanskeleg situasjon for barnet. Dersom barnet derimot har fått tid til å bli kjend med personalet har godteke ein av dei vaksne som ein omsorgsperson, og personalet har blitt kjend med barnet, vil personalet vera i god stand til å kunne støtte barnet og hjelpe det med å regulere sine kjensler ved behov (Drugli, 2017a, s. 127).

Det har i følge Drugli (2017b) vore vanleg at foreldra har vore med barna på tilvenning i barnehagen i to-tre dagar ved barnehagestart i fleire tiår. Talet på dagar har ingen fagleg grunngeving, men ho seier at det truleg heng saman med kor mange dagar foreldre vanlegvis får fri frå jobb med løn når ein har barn som skal byrje i barnehagen (Drugli, 2017b, s. 53). Drugli (2017a) hevder at dersom barnet ikkje har vore mykje i barnehagen før barnehagestart, kan det vera for kort tid med tre dagars tilvenning for at barnet skal slå seg til ro og kjenne tryggleik i relasjon til ein eller fleire i personalet. Ho meiner at dei fleste småbarn bruker meir enn tre dagar på å bli godt kjend med nye menneske (Drugli, 2017a, s. 139-140).

I ei undersøking der 48% av dei norske barnehagane deltok, sa cirka 50% av desse barnehagane at dei hadde tre dagar med tilvenning med foreldra til stades i barnehagen. Ca. 40% sa at dei hadde ei fleksibel ordning der dei tok utgangspunkt i barnet sin prosess og halvparten av desse sa at foreldra er i barnehagen berre 3 dagar sjølv om barnehagen er open for fleire dagar. 5% sa at dei hadde 1 veke med fast tilvenning og 0,5% kryssa av for to vekers

fast tilvenning. (Drugli, 2017a, s.133). Disse tala Drugli (2017a) presenterer slår fast at dei fleste norske barnehagar framleis driv med tre dagars tilvenning.

To motsetningar til tre dagars tilvenning er «Jåttå-modellen» og «Lekestue». «Jåttå-modellen» frå Jåttå barnehage i Stavanger seier at foreldra skal vera i barnehagen med barna i minst ei veke ved barnehagestart og at talet på dagar kan utvidas dersom det er behov. Dei meiner at dette skaper ein føreseieleg kvardag for både barn og foreldre (Drugli, 2017, s. 136). «Lekestue» er ein modell frå eit dansk prosjekt kalla «Barnet i centrum» der barn og foreldre kom på besøk i barnehagen ein time kvar veke i 4-5 månadar før barnet starta i barnehagen. Modellen har blitt prøvd ut i Noreg i ulike variantar. Mellom anna er det prøvd ut å invitere barn og foreldre til barnehagen ein time i veka i 1,5 månadar før barnehagestart for at barna gradvis skulle bli kjend med barnehagen og dei vaksne. Resultatet av denne modellen var at både foreldre og personalet meinte barna slo seg lettare til ro etter den metoden enn tidlegare. (Drugli, 2017, s. 137).

Drugli, Lekhal & Buøen (2020) råder foreldra til å vera i barnehagen i minst fem dagar saman med barna. Det vil vera til stor hjelp for barna å ha foreldra til stades når dei skal utforske barnehagen, og dei treng foreldra der som trygg base og ei trygg hamn (Drugli et.al., 2020, s. 99). Hjernen til små barn er umodne og barna treng ofte støtte til å regulere kjensler og åtferd, og det er berre kjende vaksne som kan gje denne støtta på ein god måte. Det er difor viktig med rett mengd tilvenningsdagar for å få til ein saumlaus overgang mellom foreldre og tilsette. Slik kan dei tilsette bli godt kjende med barnet når foreldra er til stades, og at dei kan fungere som den trygge basen og hamna når foreldra ikkje er til stades (Drugli et.al., 2020, s. 99-100).

2.4 Trygg tilknytning

Tilknytning kan skildrast som eit emosjonelt band mellom barn og omsorgsgivar basert på dei grunnleggjande behova barnet har for vern, tryggleik og omsorg. Tilknytning vert utvikla gjennom erfaringar frå samspel (Drugli et.al., 2020, s. 30).

«En sentral faktor i tilknytningsprosessen er det Bowlby kaller en *trygg base* (a secure base)» (Askland & Sataøen, 2013, s. 65). Når eit barn opplev ein person som varm, tilgjengeleg, lydhøyr og sensitiv, gir det barnet ei sterk kjensle av tryggleik. Barnet vil etter kvart oppleva

personen som ein base, ein stad der det kan vende tilbake for å få påfyll av nærleik, kjærleik, merksemd og trøyst (Askland & Sataøen, 2013, s. 65). Når barnet opplev omsorgspersonen som ein trygg base betyr det at barnet opplev omsorgspersonen som ein tryggleik for han eller hennar utforsking og leik. Då kan barnet bruke energi på å leike og utforske med tryggleik i at omsorgspersonen er til stades og gir hjelp og støtte ved behov. Barnet søker gjerne omsorgspersonen som ei trygg hamn. Det vil seie at barnet aktivt søker omsorgspersonen i situasjonar som barnet opplev som krevjande eller skremmande (Askland & Sataøen, 2013, s. 44).

Tilknytningsteorien hjelper oss med å forstå den viktige rolla «trygg hamn» har i møte med nye og ukjende miljø som for eksempel barnehagestart. I ein slik situasjon er det i første omgang berre foreldra som utgjer den trygge hamna og kan hjelpe barna med å regulere kjenslene sine. Når barnet har ei trygg hamn i form av ein omsorgsperson som dei veit kan trøyste og støtte dei ved behov, kan det utforske barnehagen sine relasjonar og miljø. Difor er det viktig at barnehagepersonalet bruker tida godt når foreldra er i barnehagen saman med barnet, med å etablere ein relasjon til barnet. Slik kan dei bli den trygge hamna for barnet når foreldra ikkje lenger er med i barnehagen (Drugli, et.al., 2020, s. 36).

«Små barn må være trygge for å ha det bra. Bare voksne de er trygge på, vil være i stand til å regulere vanskelige følelser, for eksempel gjennom trøst. Trygghet er en forutsetning for små barns trivsel, utvikling og læring» (Drugli, et.al., 2020, s. 31-32). Dette tyder på at tryggleik er noko av det første som må etablerast i det barnet byrjar i barnehagen, dersom ein skal sikre at barnet skal få ei god oppleving av barnehagen. Trygg tilknytning inneber, i følge Drugli, et.al. (2020, s. 33) at barnet har gjentekne erfaringar med bli forstått og møtt av omsorgspersonen og at det stoler på at omsorgspersonen er glad i det og gir hjelp og støtte ved behov. Dei seier vidare at trygg tilknytning veks fram når omsorgspersonen er til stades i ulike situasjonar og deler erfaringar med barnet for eksempel med å vise støtte og hjelpe barnet dersom barnet ikkje har det bra, eller å vise glede og begeistring dersom barnet meistrar noko nytt. Eit barn som opplev trygg tilknytning vil få auka sjanse for gode relasjonar til andre barn og nye vaksne, det vil òg fremje barnets motstandskraft (Drugli, et.al., 2020, s. 33). Ut frå slik Drugli et.al. (2020) skildrar trygg tilknytning krev det at barnehagepersonalet bevisst jobbar for og har fokus på å gi barnet ei kjensle av at dei bryr seg om og ser barnet frå første stund, for å skape ei trygg tilknytning for barnet.

2.5 Kontaktperson skal sørge for trygg tilknytning

Å bruke kontaktperson for å sikre barna ei trygg og god byrjing i barnehagen kan vera ein god metode og det er mange norske barnehagar som bruker dette. I følge Drugli et.al. (2020, s. 36) inneber bruk av kontaktperson at éin eller to tilsette får eit særleg ansvar for å følgje opp og etablere kontakt med enkeltbarn eller ei gruppe barn når dei byrjar i barnehagen. Intensjonen er å sørge for at barn og foreldre får moglegheit til å etablere ein relasjon til éin eller fleire tilsette før dei vert godt kjend med dei andre. Målet er òg at kontaktpersonen får etablert ein så god relasjon til barnet at kontaktpersonen kan fungere som ei trygg hamn når foreldra ikkje lenger er til stades i barnehagen saman med barnet. I tillegg skal kontaktpersonen ivareta barna i dei praktiske rutinesituasjonane. Det kan vera enklare for ein tilsett å fange opp og støtte emosjonelle behov hjå nokon få barn som dei har spesielt ansvar for, enn hjå alle nye barn på ein gong (Drugli et.al., 2020, s. 36).

Dei yngste barna kan ofte kjenne seg urolege når foreldra går ut av barnehagen. Det er i slike situasjonar ein tilknytingsperson best kan hjelpe barnet. Utan ein tilknytingsperson tilgjengeleg ville barnet lettare blitt stressa og uroleg. Det er ikkje alltid slik at ein ser det på barnet utanpå, sidan barn tilpassar seg, men likevel kan kroppen vera prega av indre uro, med meir eller mindre høgt nivå av stresshormon (Brandtzæg et.al., 2013, s. 21). Brandtzæg et.al. (2013) meiner at kvalitet i barnehagen for dei yngste barna handlar om at barna har høve til å danna éin eller fleire sekundære tilknytingsrelasjonar, slik at stress vert redusert og tryggleik vert etablert. Dette fordi dei har sett at barn er avhengige av den tryggleiken og omsorga ein nær og kjend vaksen representerer, samstundes som at det verkar stimulerande for barn si utvikling å ha eit nært forhold til fleire vaksne. Dei hevder at forskning viser at barns trivsel og psykiske helse vert stimulert når dei har fleire sekundære tilknytingsrelasjonar (Brandtzæg et.al., 2013, s. 22).

Broberg et.al. (2014) meiner at det er openbart at barnet aller først må kjenne seg trygg med éin vaksen i barnehagen, for så og gradvis bli i stand til å knyte seg til dei andre vaksne (Broberg et.al., 2014, s. 137). Drugli et.al. (2020, s. 84) råder at barnehagen har kontaktperson når barnet skal byrje i barnehagen og meiner at det kan vera lurt å ha ein primær og ein sekundær kontaktperson slik at kontaktmodellen ikkje vert for sårbar. Då bør den som er primærkontakt vera den som tek i mot barnet og er mest i saman med barnet og foreldra dei første dagane. Brandtzæg et.al. (2013, s. 101) hevder at det skaper tryggleik om tilvenninga i barnehagen er organisert slik at barnet får tid og ro til å knyte seg til særleg éin vaksen i byrjinga, og deretter ein til altså at barnet har ein eller to kontaktpersonar, slik som Drugli et. Al., (2020) nemner.

Dei seier vidare at ved bruk av to kontaktpersonar er det mindre sårbart dersom det er sjukdom eller fråvær blant dei vaksne. Dei to kontaktpersonane bør i følge Brandzæg et.al., (2013) vera mest mogleg tilgjengelige når barna treng dei (Brandtzæg et.al. 2013, s. 101).

I følge Drugli (2017a) er det større sannsyn for at barnet utviklar ein god og nær relasjon når den vaksne har spesielt ansvar for nokre få barn og kan konsentrere seg om dei. På denne måten veit barnet at kontaktpersonen er der dersom det treng det, og det skaper ro og tryggleik til å utforske og lære. Samstundes meiner Drugli (2017a) at ein slik kontaktpersonmodell vil etter kvart som barnet etablerer tryggleik i relasjon til kontaktpersonen, kunne bruke tryggleiken som base for vidare utforsking av både relasjonar og barnehagen sitt miljø (Drugli, 2017a, s.150).

Det er ikkje alltid slik at den personen barnet har fått tildelt som kontaktperson barnet faktisk oppnår best relasjon til. Drugli et.al. (2020) seier at barnet nokon gonger aktivt søker mot ein annan tilsett enn kontaktpersonen og at det kan vera grunna at barnet opplev denne personen som meir sensitiv ovanfor det og møter barnet på ein annan måte, som barnet likar betre. I slike tilfelle råder dei å byte kontaktperson, sidan barnet uansett vil bli kjend med alle på avdelinga etter kvart som det slår seg til ro i barnehagen (Drugli, et.al., 2020, s. 84).

2.6 Å tryggje foreldra

I følge Drugli (2017a) har forskning dokumentert at det er samanheng mellom kvaliteten på samarbeidet mellom personalet og foreldre og korleis barnet finn seg til rette i barnehagen. Ho hevder òg at det er funne samanheng mellom eit positivt foreldresamarbeid og kvaliteten på relasjonen mellom barna og personalet. Det viser seg at gjensidig og varm kommunikasjon mellom foreldre og personalet har positiv effekt på korleis barn trives og fungerer i barnehagen (Drugli, 2017a, s. 104-105).

Når eit barn byrjar i barnehagen er alt nytt for barnet og ein må ha fokus på å tryggje barnet i den nye situasjonen. Dette er òg ein ny fase for foreldra, det er å sjå foreldra å jobbe for å tryggje dei. Dei leverer barna til ukjende personar som skal passe barnet deira. Mange foreldre kan kjenne på at dei er engstelege for at dei vaksne i barnehagen ikkje ser kva deira barn treng, eller kva deira barn prøver å uttrykkje. Difor må ein frå første møte med foreldra leggje til rette for eit godt samarbeid, og høyre på det foreldra har å seie. Det er samstundes viktig at barnehagen er tydelege på kva foreldre kan forvente av dei og ikkje. Drugli et.al. (2020) meiner det er viktig

at personalet er trygge på eigen faglege erfaring og tek seg tid til å grunngje kvifor dei gjer som dei gjer. For eksempel kan det vera viktig å forklare foreldra at den første tida i barnehagen er å gjere barna kjende med kvardagslege rutinar. «Gode og forutsigbare rutiner fremmer ytre trygghet for små barn.» (Druglit. Et.al., 2020, s. 112). Når samarbeidet er godt kan det bli enklare for både foreldra og for barna under tilvenningsperioden. Trygge foreldre er til god hjelp for barna under tilvenningsperioden i barnehagen. Når barna ser at foreldra stolar på dei vaksne i barnehagen kan det vera med på å tryggje barna (Drugli, 2017a, s. 99).

Å få til eit godt samarbeid frå starten av er avgjerande for tida til barnet i barnehagen. Når eit barn byrjar i barnehagen må dei tilsette i barnehagen leggje til rette for å skape god kontakt mellom barnehagen og heimen. For å oppnå god kontakt kan personalet bli kjende med korleis barnet er heime, kva erfaringar barnet har, og på denne måte syne interesse for å skape best moglege rammer for barnet gjennom barnehagekvardagen. Personalet må òg vera tydeleg på kva dei forventar av foreldra i dei ulike situasjonane, samstundes som dei må gje informasjon til foreldra om korleis barnet sitt liv i barnehagen er. Dette bidreg til eit aktivt samarbeid mellom barnehagen og heimen, og kan sørgje for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage (Drugli, 2017a, s. 99). Drugli (2017a) hevder at nokon foreldre treng mykje bekrefting på at barnet har det bra og finn seg til rette i barnehagen. Andre foreldre treng gjerne å få høyre kor viktig det er at dei tek seg tid til å delta aktivt under tilvenningsperioden fram til barnet er trygt. Ho hevder at nøkkelen til starten av eit godt samarbeid som regel er open kommunikasjon. (Drugli, 2017a, s. 100-101).

For at foreldra skal stole på det arbeidet som vert gjort i barnehagen treng ein å tryggje foreldra gjennom arbeidet ein gjer, ved å bruke den pedagogiske kompetansen ein har til å formidle det til foreldra. Å byggje opp tillit vil vera med på å styrkje eit godt foreldresamarbeid. Eit godt foreldresamarbeid handlar om gjensidig respekt og tillit. Dersom det ikkje er tillit mellom partane er det mykje vanskelegare å få til eit godt og fungerande foreldresamarbeid. Det å få til eit foreldresamarbeid som fungerer er barnehagen sitt ansvar. Barnehagen skal leggje til rette for at foreldra har tillit til det som skjer i barnehagen, men òg at det er tillit til dei som jobbar i barnehagane. Dersom det frå byrjinga av er gjensidig respekt og tillit vil det gjera det enklare for dei tilsette å tryggje foreldra i ein tilvenningsfase (Drugli et.al, 2020, s. 52). Drugli et.al. (2020) hevder at det er viktig å møte barna på morgonen ved å vera nærverande, imøtekommande og fokusert på det enkelte barn og den enkelte forelder når dei kjem i barnehagen (Drugli et.al., 2020, s.110).

3.0 Metode

I denne delen skal vi presentere kvalitativ metode og seie noko om kvifor vi valde denne metoden i vårt arbeid. Vidare skal vi forklare korleis vi har samla inn data og seie noko om forskingsprosessen, etisk perspektiv, validitet, kjeldekritikk og om analyseprosessen.

Busch (2013, s.48) peiker på at valet av forskingsmetode er knytt til val av vitenskapsteoretisk utgangspunkt, korleis ein skal samle inn empiri og korleis ein skal analysere. Vi valde å nytte oss av kvalitativ metode og det la grunnlaget for korleis vi skulle gå fram i vår forskingsprosess.

3.1 Kvalitativ metode

I samfunnsvitenskapen er det eit skilje mellom kvantitative og kvalitative datainnsamlingsmetodar. Kvantitativ metode vert gjerne kjenneteikna av tal og statistikk og kvalitativ metode vert kjenneteikna av ord og tekstar (Postholm & Jacobsen, 2019, s. 41). Då vi skulle ta eit val knytt til metode såg vi det hensiktsmessig å velje kvalitativ metode for å få svar på vår problemstilling. Vi ville at undersøkinga vår skulle gi oss svar som var utdjupande og forklarande, og såg difor at ein kvalitativ forskingsmetode ville vera nyttig for å få det datamaterialet vi håpa på knytt til vår problemstilling.

Christoffersen og Johannesen (2012) peiker på at kvalitativ metode gjerne er meir fleksibel enn kvantitativ metode. Med dette meiner dei at kvalitativ metode tillèt større grad av spontanitet og tilpassing i interaksjonen mellom forskar og deltakar. Slik Christoffersen og Johannesen (2012) skildrar kvalitativ metode såg vi den som hensiktsmessig i forhold til vår problemstilling sidan vi ønskte å få svar på kva den enkelte pedagogiske leiar gjer for å sikre ei god tilvenning og kva tankar dei har om trygg tilvenning. Vi var ute etter utdjupande svar, med rom for at informantane kunne forklare, og bruke eigne ord på det dei ville formidle. Det var viktig for oss at vi kunne stille oppfølgingsspørsmål dersom det vart naturleg og at vi kunne snakke vidare om noko dersom informantane kom inn på noko vi ikkje hadde tenkt å ha med i utgangspunktet.

«Kvalitativ forskning er også ofte *induktiv*. Det vil si at en trekker slutninger fra det enkelte/spesielle til det allmenne. Det innsamlede materialet styrer i høy grad konklusjoner og

teoridannelser. De erfaringene som er innvunnet, blir viktige, ikke forhåndsantagelsene.» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35). Dette er eit poeng som vi syntes var viktig i vår undersøking, vi ville at informantane sine svar skulle vera med på å legge grunnlaget for den teoretiske delen, drøftinga og avsluttinga.

3.2 Intervju

Vi valde å bruke kvalitativt intervju som metode i vårt arbeid. Ved bruk av intervju stilte vi to pedagogiske leiarar spørsmål knytt til vår problemstilling. Når vi gjennomførte intervjuet var målet å få svar på korleis dei pedagogiske leiarane arbeider med å leggje til rette for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen. Det som kjenneteiknar eit intervju er at éin stiller spørsmål medan ein annan svarar, ein kan formulere spørsmåla munnleg og den som intervjuar har eit ansvar for å registrera svara som kjem fram (Løkken & Søbstad, 2013, s. 104).

Vi nytta eit halvstrukturert intervju. I eit halvstrukturert intervju har ein nokre relevante spørsmål klare på førehand, men det er rom for at det vert teke opp tema som ikkje var planlagde. På denne måten kan samtalen gjerne gå over i ei litt anna retning enn det intervjupersonen hadde sett føre seg i utgangspunktet, og ein kan oppdage at nokre spørsmål gjerne ikkje var så relevante som ein først hadde tenkt (Postholm & Jacobsen, 2019).

Vi lagde intervjuguide på førehand. I følge Løkken og Søbstad (2013) inneheld ein intervjuguide ofte ei liste med spørsmål eller tema som ein vil ta opp i intervjuet som er tenkt ut på førehand. Intervjuaren står likevel fritt til og for eksempel endre rekkefølga på spørsmåla, stille oppfølgingsspørsmål eller klargjera utsegn frå informanten. Dette sikrar at visse problemstillingar vart teke opp, men det er likevel mogleg både for intervjuaren og informanten å vinkle samtalen ut frå eigne perspektiv (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108-109).

3.3 Vår forskingsprosess

Vi valde som nemnt ovanfor å bruke intervju for og samle inn data, og nytta oss av eit halvstrukturert intervju med intervjuguide som vi hadde laga på førehand. Intervjuguiden inneheldt 14 spørsmål, der 3 av dei var spørsmål om alder, kva tid dei var ferdigutdanna og årserfaring i barnehage som oppvarmingsspørsmål. Resten var spørsmål som vi meinte var relevante for innhaldet i problemstillinga, som går på trygg tilvenning rundt barnehagestart for dei yngste barna.

Vi intervjuar to pedagogiske leiarar som vi har kjennskap til i frå før. Informantane er pedagogiske leiarar på småbarnsavdelingar i to ulike barnehagar. Vi valde nettopp desse fordi vårt inntrykk er at dei har god erfaring, og sit inne med mykje relevant kunnskap om temaet i vår problemstilling, nemleg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen. Informantane jobbar i barnehagar frå to ulike geografiske område. Vi vel å kode informantane våre som informant 1 [I1] og informant 2 [I2] og vil bruke dette vidare i funn og drøftingsdel.

Vi var to personar som var med på å intervjuer, den eine stilte spørsmål og var i dialog med informanten, medan den andre noterte ned alt som blei sagt i ei notatblokk. Den som noterte var delvis med i dialogen, ved å nikke, svare bekreftande og kom med små kommentarar undervegs. Det eine intervjuet vart heldt i barnehagen der informanten jobba. Informanten sat ovanfor begge intervjupersonane. Det andre intervjuet vart gjennomført via videosamtale på nett. Informanten sat heime og vi som intervjuar sat saman. Begge intervjuar varte om lag 40 minutt.

Rett etter kvart intervju skreiv vi det vi hadde notert i notatblokka inn på datamaskinen. Deretter rydda vi litt i det vi hadde notert, for å få samanhengen og rette opp i eventuelle feil. Dette gjorde vi rett etter intervjuar sidan vi då hadde det friskt i minnet og kunne dobbeltsjekke at det vi hadde notert stemte. Slik fekk vi òg betre forståing for det som blei notert sidan den som intervjuar kunne legge til dersom den hugsar betre samanhengen i det som blei sagt.

3.4 Etisk perspektiv

Våre intervjuar vart gjennomført i to norske barnehagar, den eine er ein avdelingsbarnehage og den andre er ein basebarnehage. Før intervjuar fekk deltakarane eit informasjonsskriv om bacheloroppgåva vår og eit informert samtykke. Her fekk dei informasjon om kven som er ansvarleg for forskingsprosjektet, og kva som er føremålet med bachelorstudiet. Dei involverte fekk òg informasjon om at dei kva tid som helst kan trekkja seg frå forskingsprosjektet utan grunngjeving. Eit informert samtykke skal innebera informasjon om retten deira til å kunne trekkje seg (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 104). Undervegs i intervjuet vart det teke notater, vi valde å ikkje bruke lyd opptak ettersom vi var fleire studentar med i intervjuet som kunne notere. Vi vil gjere alle opplysningar om barnehagane, barna og informantane anonyme. For å beskytta konfidensialiteten har vi valt å kode informantane våre

som informant 1[I1] og informant 2[I2]. Vi har teieplikt ovanfor barnehagen, barna og informantane.

3.5 Validitet og kjeldekritikk

«Validitet i samfunnsvitenskapen dreier seg om hvorvidt en metode er egnet til å undersøke det den skal undersøke» (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Det handlar om at data gir eit reelt uttrykk for dei fenomena og variablane som det er meint å måle, eller om data inneheld vesentleg irrelevante faktorar (Befring, 2020, s. 41). Det er knytt til i kor stor grad våre data er gyldige for den problemstillinga vi arbeider med (Busch, 2013, s. 62).

Befring (2020) hevder at for at vi skal kunne oppnå pålitelege og valide resultat med kvalitativ metode vert det stilt store krav både til forskarens integritet og fagkompetanse. Det krev at forskaren er bevisst moglege subjektive feilfaktorar. Det er ein viss risiko for at observasjonar vert farga av forskaren sine egne forventingar, eller for at intervjuaren påverkar informantane sine (Befring, 2020, s. 99).

Vi laga intervjuguide på førehand for at vi skulle sikre oss at spørsmåla som vart stilt til informantane var relevante for vår problemstilling, i tillegg var vi bevisst å nytte omgrep som var brukt i vår problemstilling i spørsmåla som var utforma i intervjuguiden, for at informantane skulle gå inn på akkurat det vi ville ha svar på. Dette meiner vi bidrog til at intervjuet undersøkte det den skulle undersøke (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). På ei anna side hadde vi på førehand lese oss opp på temaet og var veldig klare på kva vi ville få ut av intervjuet. Sidan vi hadde forventingar og oppfatningar om temaet på førehand kan det ha redusert validiteten i datamaterialet ved at vi kan ha påverka informantane ved å ha styrt dei til ei viss grad i den retninga vi ville dei skulle svare (Befring, 2020, s.99).

Vi intervjuet berre to pedagogiske leiarar. Å berre intervjuet to personar svekkjer validiteten og kan vera ei feilkjelde. To personar er eit lite utval, men det kan likevel gje eit lite bilete av korleis profesjonen arbeider med tilvenning i barnehagen. Dersom vi hadde intervjuet betrakteleg fleire informantar kunne utfallet ha blitt noko anna. For at metoden skulle ha vore meir valid burde vi gjerne ha intervjuet mange fleire personar.

For å få eit betre og meir truverdig resultat kunne vi gjerne ha gjennomført observasjonar i tillegg til intervju, for å ha sett om det dei seier i intervjuet og observasjonane vi hadde gjort

oss er dei same. Det ville og ha hjelpt oss med å sjå samanheng mellom det som vart sagt og det som vi hadde sett, og vi kunne fått betre forståing for det informantane hadde prøvd å formidle til oss. Her kunne vi òg fått sett korleis barna faktisk reagerer i tilvenningsperioden, sett samarbeidet mellom personalet og føresette, og sett kva betyding ulike ting som for eksempel overgangsobjekt faktisk ville hatt. Dette var vanskeleg å få til både på grunn av tidsrommet og tida på året, då det er lite tilvenning på denne tida. Vidare kunne vi ha intervjuet foreldre for å høyrte korleis dei opplevde tilvenninga, korleis dei skildra trygg tilvenning og korleis dei hadde opplevd foreldresamarbeidet.

3.6 Analyse

«Innsamlede data må analyses og tolkes. Analyse av kvalitative data består i å bearbeide tekst, eventuelt lyd/bilder, (...). Uansett om det er kvalitative eller kvantitative data består en vesentlig del av samfunnsforskningen av å *tolke* data» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 19). Poenget med dataanalyse er å finne den ibuande informasjonen som finst i materialet og så sette det inn i ein fagleg relevant samanheng (Befring, 2020, s. 95).

3.7 Vår analyseprosess

Analyseprosessen byrja allereie då vi gjennomførte intervjuet, og gjennom å notere og reinskrive var analyseprosessen heile tida i gong. Då vi las i gjennom intervjuet analyserte vi vidare med utgangspunkt i problemstillinga og fann noko som begge informantane sa noko om, som vi ville bruke vidare i drøftinga, for å kunne finne svar på vår problemstilling.

Vår problemstilling er: «Kva er tilvenning og korleis legg pedagogisk leiar til rette for ei god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?» Funna vi fann gjennom vår analyse av intervjuet har vi valt å kalle:

Funn 1: Tre dagars tilvenning

Funn 2: Kontaktperson og personalet skal sørge for trygg tilknytning

Funn 3: Å tryggje foreldra i tilvenningsperiode

Desse funna vil vi no nytta som overskrifter i kapittel 4 der vi skal presentere funna.

4.0 Presentasjon av funn i intervju

I dette kapittelet skal vi presentere funna frå dei to intervjua vi har gjennomført. Vi vel å presentere funna utan teoretisk støtte og nyttar overskriftene slik dei står som funn.

4.1 Tre dagars tilvenning

Vi spurde informantane våre om korleis tilvenninga i barnehagane dei jobbar i vert gjennomført. Begge svarte at dei dreiv med tre dagars tilvenning når dei yngste barna byrjar i barnehagen, der foreldra er med i barnehagen delar av tilvenninga. Funnet tre dagars tilvenning er forstått som at barnet skal venne seg til barnehagen på tre dagar. I1 opplev at barn er veldig tilpassingsdyktige og sa at: *«Eittåringane er ofte meir tilpassingsdyktige enn dei som er eitt år og oppover, fordi eittåringane skjønar litt mindre enn dei som er over eitt år.»* (I1). I2 svarte at dei første tilvenningsdag har besøk av barnet, der barnet helsar på og leikar i rundt 1-2 timar, med foreldra til stades. Andre dag prøver dei å la barnet sove i barnehagen, og at dei ringjer foreldra når barnet vaknar. Vidare fortalde I2 at den tredje dagen, dersom det er mogleg prøver dei å ha ein tilnærma full dag åleine, men gjerne ein kortare dag, der barna kjem seint og går tidleg. I1 sa òg at foreldra er med i barnehagen første tilvenningsdag. Denne dagen snakkar dei med foreldra om barnet, foreldra fyller ut skjema, og foreldra får informasjon om digitale hjelpemidlar blant anna. Dei snakkar om barnet sitt behov med tanke på tult og kos, mat og søvn. I1 sa lite om dei to andre tilvenningsdagane, men nemnde at god kommunikasjon er viktig.

I2 fortalde at i trass av at tre-dagars tilvenning er normalen at: *«vi er open for lengre tid dersom det er nødvendig»*, men peikte på at det som regel berre vert brukt 3 dagar med tilvenning der foreldra er til stades. Begge informantane er svært opptekne av at tilvenninga skal opplevast trygg for barnet, at dei skal følgje barnet si utvikling og la barnet styre tilvenninga ut frå barnet si oppleving og føresetnad. Begge informantane er klare på at når dei tre tilvenningsdagane er over, så er det ikkje dermed sagt at barnet er tilvent. Dei meiner derimot at barna treng tid på å venne seg til den nye livssituasjonen og at dei legg til rette for dette ved og heile tida følgje barnet sitt tempo. *«Vi er opptekne av at barna skal styre tilvenninga, vi må lese barna og bli kjend med dei»* (I2). Begge informantane hevder at dersom nokon har behov så legg dei sjølv sagt til rette for lenger tilvenningstid.

4.2 Kontaktperson og personalet skal sørge for å etablere trygg tilknytning

Tryggleik var eit omgrep begge informantane brukte mykje under intervju. For dei var det viktig å ta seg god tid til å skape tryggleik og gode relasjonar for barna. Under intervju fekk begge informantane spørsmål om kva dei la i omgrepet trygg tilvenning. I2 sa at dei vaksne i barnehagen må ta seg tid nok til å skape tryggleik, og at investering i tid i byrjinga får ein igjen for seinare. I2 fortalde vidare at heile den første tida er fokuset å tryggje barna, og meiner at det krev nok vaksne i barnehagen. I1 fortalde at for å skape tryggleik skjermer dei barna ved å gje dei tid til og bli kjend med dei vaksne dei skal ha med og gjere i første omgang. I1 sa at når dei er trygge på desse vaksne, så kan dei bli trygge på andre vaksne i barnehagen. *“Vi må anerkjenne behova deira, dei skal få lov til å kjenne på at dei er redde, dei skal få lov til å kjenne på saken og dei vaksne må trøsta når det er behov for det» (I1).* I2 meinte at: *“Tryggleik er basen til alt anna” (I2).* Begge informantane sa at dei bruker kontaktperson for å skape tryggleik for dei nye barna som byrjar i barnehagen.

Vi spurde informantane våre om korleis dei ser at eit barn er trygt. I1 fortalde oss at blikkontakt mellom barnet og den vaksne er viktig, og at ein ser tryggleik dersom barnet vel å søkje den vaksne i leiken. *«Eit trygt barn er nysgjerrig og utforskande, det utforskar rommet» (I1).* I2 forklarte oss at dei ser at barna er trygge når dei kjem til dei vaksne og viser interesse. I2 sa vidare at det er viktig at barna rundt er trygge på kvarandre, og sa at: *“Nokon barn leikar litt med andre barn og brukar rommet, for så å søkje tilbake til tryggleiken, altså den vaksne” (I2).*

4.3 Å tryggje foreldra i tilvenningsperioden

Å tryggje foreldra trakk vi ut som eit funn fordi dette var eit tema begge informantane la stor vekt på, og dei nemnde det når dei skulle svare på omlag alle spørsmåla vi stilte dei.

Begge informantane snakka om kor viktig det er å tryggje foreldra og rettleie dei gjennom tilvenningsperioden. I1 peikte på kor viktig det er å tryggje foreldra, og sa at: *“Vi treng å tryggje foreldra, for barn speglar seg i foreldra. Særleg i ein leveringsssituasjon er det viktig å tryggje foreldra, og minne dei på kor viktig det er at dei seier skikkeleg hadet til barnet, og ikkje berre snik seg ut” (I1).* I1 meinte at dersom foreldra ikkje seier hadet til barnet kan det opplevast traumatisk for barnet, og gjera vondt verre. I1 peikte på at det er viktig å forklare foreldra at det er normalt at barnet skrik når mor eller far går frå det i barnehagen, men at det ofte går fort over. Den viktige hadet-situasjonen meinte I2 òg var svært viktig og sa at dei har

stort fokus på at foreldra seier ordentleg hadet til barnet. I2 meinte at om det ikkje vert gjort, bryt dei tilliten til barnet, og at det kan ta lenger tid med tilvenninga dersom det ikkje vert sagt skikkeleg hadet.

I1 fortalde kor viktig det er å spele på lag med foreldra, og heile tida vera i god dialog med dei under tilvenningsperioden. I1 sa: *“Gjennom heile veka er det stor fordel å sende melding til foreldra, slik at ein ikkje gløymer foreldra oppi denne situasjonen”* (I1). I2 sa at det er viktig at foreldra er med i barnehagen under tilvenningsperioden, fordi at dersom barnet ser at foreldra godtek dei vaksne i barnehagen, vil det dermed bli lettare for barnet å godta dei vaksne. Vidare meiner I2 at det er viktig å etablere ein god relasjon til foreldra, sidan barna speglar foreldra sine kjensler. *“God relasjon mellom personalet og foreldra, kan gje trygge foreldre, og trygge foreldre gir trygge barn”* (I2).

Informantane er klar over at tilvenninga kan opplevast vanskeleg for barna, men begge var opptekne av at tilvenninga ofte er veldig vanskeleg for foreldra. I1 seier at det er viktig å støtte foreldra, og vise forståing for foreldra i situasjonen dei står i. I2 sa at: *“Det er viktig å bruke tid på og ivareta foreldra dersom dei opplev det vanskeleg”* (I2). Begge informantane er tydelege på at arbeidet med å tryggje foreldra under tilvenningsperioden er viktig, og at ein som tilsett i barnehagen må tryggje foreldra på at barna skal ha det godt i barnehagen og at deira barn vil bli sett og høyrte. I1 fortel at ein må tryggje foreldra på at det er heilt normalt at barnet vil få ein reaksjon på tilvenninga, det er mange nye inntrykk og eit heilt anna tempo på dagane i barnehagen kontra ein dag heime med omsorgspersonane.

I2 fortel om kor viktig det er å tryggje og ivareta foreldra i arbeidet som vert gjort i barnehagen. Begge informantane syntes det var viktig at alle i personalet får eigarskap til dei planane som vert laga, slik at alle kjenner seg inkludert og motivert for arbeidet. Dei meinte at å lage gode planar som alle dei tilsette på avdelinga eller basen er godt kjende med vil bidra til at tilvenninga kan opplevast klar og tydeleg for både barna og foreldra. Dei tilsette vil gjera arbeidet likt, og arbeide mot same mål, og foreldra veit kva dei har å halde seg til. Dette kan bidra til å tryggje foreldra, meiner både I1 og I2.

5.0 Drøfting

Vi vil no drøfte funna våre i lys av teori, informantane sine utsegn og vår eiga stemme. Vi vel å behalda overskriftene frå kapittel 4 for og ikkje forvirra lesaren.

5.1 Tre dagars tilvenning

«Når eit barn startar i barnehagen skal barnehagen i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33). Det rammeplanen seier om overgangen frå heim til barnehage er viktig og vi kan sjå det i lys av det Abrahamsen (2013) seier om at barn kan ha motstridande kjensler for endringar og at barnehagestarten kan opplevast vanskeleg. Ho seier at på den eine sida er det sterke krefter i eittåringen som er retta mot utforsking og leik, nye erfaringar og opplevingar. På den andre sida er det krefter i barnet som vert styrt av det motsette, nemleg redsel og angst for det ukjende og endringar (Abrahamsen, 2013, s. 69). I1 opplev at barn er veldig tilpassingsdyktige og seier at: *«Eittåringane er ofte meir tilpassingsdyktige enn dei som er eitt år og oppover fordi eittåringane skjønar litt mindre enn dei som er over eitt år» (I1)*. På bakgrunn av ei slik forståing er det viktig å tenkje over korleis dei tilsette i barnehagen legg til rette for ein god barnehagestart for dei yngste barna.

Begge informantane våre sa at barnehagane dei jobbar i driv med tre dagars tilvenning når dei yngste barna byrjar i barnehagen, der foreldra er med i barnehagen delar av tilvenninga.

Drugli (2017b) meiner det har vore vanleg at foreldra har vore med barna i to-tre dagar ved barnehagestart i fleire tiår. Dette undrar vi oss over, sidan talet på dagar ikkje har noko fagleg grunngeving. Drugli (2017b) seier det kan ha med kor mange dagar foreldre vanlegvis får fri frå jobb når dei har barn som skal byrja i barnehagen (Drugli, 2017b, s. 53). Det kan tenkjast at det kan vera praktisk for barnehagen å ha tre dagar med foreldra til stades slik at det ikkje er så mange vaksne i barnehagen på ein gong. På den andre sida kan det opplevast vanskeleg for nokre barn og foreldre. Ei undersøking der 48% av norske barnehagar deltok slo fast at ca. 50% av barnehagane som deltok hadde tre dagar med tilvenning der foreldra var til stades (Drugli, 2017a, s.133). Dette indikerer at desse to barnehagane informantane jobbar i slett ikkje er åleine om å drive med tre dagars tilvenning. Vi stiller oss likevel undrande til korleis tre dagars tilvenning vert gjennomført. Kva betydning har det for barna når foreldra berre er til

stades i barnehagen i 2-3 dagar ved barnehagestart? Etter å ha sett oss inn i kva teorien seier om tilvenning og trygg tilknytning veit vi at barn treng god tid til å skape relasjonar til nye menneske. Å etablere ein god relasjon til heilt nye menneske på 3 dagar ser vi som utfordrande.

Vi spurde informantane våre om korleis tilvenninga i barnehagane dei jobbar i vert gjennomført. I2 svarte at dei første dag har besøk av barnet, der barnet helsar på og leikar i rundt 1-2 timar, med foreldra til stades. Andre dag seier I2 at dei prøver å la barnet sove i barnehagen, og at dei ringjer foreldra når barnet vaknar. Dette tolkar vi som at barnet allereie dag nummer to er åleine i barnehagen, og at den første dei møter når dei vaknar er ein av dei tilsette i barnehagen. Korleis opplev eit lite barn å møte nesten eit heilt nytt ansikt rett etter at det har vakna, når det tidlegare har vakna til mor eller far sitt ansikt kvar dag? I følge Drugli et.al. (2020) må små barn vera trygge for å ha det bra Er dette ei trygg og god oppleving for det vesle barnet? Vidare seier I2 at den tredje dagen, dersom det er mogleg prøver dei å ha ein tilnærma full dag åleine, men gjerne ein kortare dag, der barna kjem seint og går tidleg. I1 seier òg at første dag er foreldra med i barnehagen. I1 seier at dei denne dagen snakkar med foreldra om barnet, foreldra fyller ut skjema, og foreldra får informasjon om digitale hjelpemidlar blant anna. I1 seier òg at dei snakkar om barnet sitt behov med tanke på tutt og kos, mat og søvn. I1 seier lite om dei to andre dagane, men nemner at dei gjennom heile første veka pleier å sende melding til foreldra om korleis barnet har det.

«Jåttå-modellen», frå Jåttå barnehage i Stavanger og modellen «lekestue» frå eit dansk prosjekt er to motsetningar til ei slik tilvenning informantane skildrar. Fokuset i desse modellane er å la barna få betre tid til å bli kjend med barnehagen, der foreldra er til stades minst ei veke før barnehagestart (Drugli, 2017a, s. 136). Drugli et.al., (2020) råder foreldra til å vera i barnehagen i minst fem dagar saman med barna. Dei meiner det vil vera stor hjelp for barna å ha foreldra til stades når dei skal utforske barnehagen, dei treng foreldra der som trygg base og ei trygg hamn (Drugli et.al., 2020, s. 99). (Dei barnehagane som har prøvd ut variantar av modellen «lekestue» har fått gode tilbakemeldingar frå både foreldre og personalet som meiner at barna lettare slår seg til ro i barnehagen (Drugli, 2017a, s. 137). Å prøve ut andre modellar for tilvenning enn tre dagar, burde gjerne fleire barnehagar ha testa ut for å sjå skilnaden. Det er grunn til å tru at mange barnehagar har tre dagars tilvenning berre for det heng igjen etter gammalt av. Det har gjerne ikkje blitt reflektert noko særleg over kva verknad det har for barn og foreldre.

Når eit barn byrjar i barnehagen, skal personalet: «sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og kjenne at det er trygt å leike, utforske og lære» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33). Som nemnt ovanfor nyttar informantane våre vanlegvis tre dagar med tilvenning når eit nytt lite barn byrjar i barnehagen. Drugli (2017a) hevder at dersom barnet ikkje har vore mykje i barnehagen før barnehagestart, kan det vera for kort tid med tre dagars tilvenning for at barnet skal slå seg til ro og kjenne tryggleik i relasjon til ein eller fleire i personalet. Ho meiner at dei fleste småbarn bruker meir enn tre dagar på å bli godt kjend med nye menneske (Drugli, 2017a, s. 139-140). I2 fortel at i trass av at tre-dagars tilvenning er normalen at: «vi er open for lengre tid dersom det er nødvendig», men peiker på at det som regel berre vert brukt tre dagar med tilvenning der foreldra er til stades. Vi stiller oss undrande til dette, for på kva måte kan barnet verta trygt på så mykje nytt på berre tre dagar? Det kan vera mange barn som gjerne skulle hatt lenger tid på tilvenninga, men som ikkje får det fordi det tilsynelatande ser ut som at barnet har det bra. Dette underbyggjer Brandtzæg et.al. (2013) då dei seier at ein ikkje alltid ser utanpå barnet at det er prega av uro, sidan barn tilpassar seg, men likevel kan kroppen vera prega av indre uro, med meir eller mindre høgt nivå av stresshormon (Brandtzæg, 2013, s. 21).

Drugli (2017a) hevder at dersom barnet vert åleine med personalet i barnehagen før det har blitt kjend og trygg på dei, vil det vera ein svært vanskeleg situasjon for barnet. Dersom barnet derimot har fått tid til å bli kjend med personalet, har godteke ein av dei vaksne som ein omsorgsperson, og personalet har blitt kjend med barnet, vil personalet vera i god stand til å kunne støtte barnet og hjelpe det med å regulere sine kjensler ved behov (Drugli, 2017a, s. 127). Det får oss til å tenkje over om alle desse faktorane Drugli (2017a) peiker på er på plass etter slik informantane forklarar: tre korte dagar i barnehagen, med foreldra til stades i delar av tilvennings dagane.

Dersom vi tek utgangspunkt i det informantane seier om tilvenninga i deira barnehagar kan det verke som at dei første dagane er meir for å få på plass informasjon, bli kjend med foreldra, og bli kjend med barnet gjennom foreldra. Vert barna trygge i dei nye omgivnadane, finn seg til rette i den nye livssituasjonen og vert godt kjende med personalet på desse tre tilvenningsdagane? Vi stiller spørsmål til om det praktiske eigentleg bør ha så mykje fokus dei første dagane? I følge Drugli et.al. (2020, s. 99-100) er hjernen til småbarn umodne og barna treng ofte støtte til å regulera kjensler og åtferd, og det er berre kjende vaksne som kan gi denne støtta på ein god måte. Ut frå det Drugli et.al. (2020) hevder ser vi det gjerne

viktigare at det er fokus på ei trygg tilknytning mellom barn og tilsette og at barnet skal få bli kjend med det nye miljøet først når foreldra er til stades, og at fokuset på det praktiske kan komme seinare.

Tre dagars tilvenning heiter det, men kva er 1-2 timar med foreldra til stades første dag, mot kanskje seks timar åleine den fjerde dagen? Det er mange nye inntrykk som skal takast inn for eit lite barn. Mange nye ansikt som skal setjast namn på, for kven er desse nye vaksne eigentleg? Og kva er dette for ein plass? Drugli et.al. (2020) meiner at det er viktig med rett mengd tilvenningsdagar for å få til ei saumlaus overgang mellom foreldre og tilsette, slik at dei tilsette kan verta godt kjende med barnet når foreldra er til stades, og at dei kan fungere som den trygge basen og hamna når foreldra ikkje er til stades (Drugli et.al., 2020, s. 99-100). Ut frå det informantane våre gav uttrykk for er vi ikkje i tvil om at dei gjer alt dei kan for å sørge for ei best mogleg tilvenning for barna. Likevel undrar vi oss over om barna og dei tilsette rekk å verta godt nok kjende når foreldra er til stades. Klarer dei tilsette å sjå barna sine behov, forstå deira uttrykksformer og kan dei tilsette fungerer som ei trygg hamn og ein trygg base for dei nye barna i løpet av tre dagars tilvenning?

Sjølv om begge informantane kan opplyse om at barnehagane dei jobbar i driv med tre dagars tilvenning er dei begge svært opptekne av at tilvenninga skal opplevast trygg for barna og at dei skal følgje barna si utvikling og la barna styre tilvenninga ut frå deira oppleving og føresetnad. Begge informantane er klare på at når dei tre tilvenningsdagane er over så er det ikkje dermed sagt at barnet er tilvent. Dei meiner derimot at barna treng tid på å venne seg til den nye livssituasjonen og at dei legg til rette for dette ved å heile tida følgje barna sitt tempo. Dette underbygger Broberg et.al. (2014) då dei seier at forskning viser at barn tilsynelatande kan sjå tilpass og rolege ut, samstundes som meir subtile signal viser at tilknytningssystemet deira er ”fråkopla” eller fullt aktivert, snarare enn i kvilemodus. Dette fortel oss at barnet kan føle seg “ny i barnehagen”, sakne foreldra sine å vera sjenert i lang tid etter at tilvenningsperioden tek slutt (Broberg, et.al., 2014, s. 131). «Vi er opptekne av at barna skal styre tilvenninga, lese barnet og bli kjend med dei» (I2). Dette fører oss vidare til den viktige oppgåva i å etablere ei trygg tilknytning som vi no skal drøfte vidare i neste funn.

5.2 Kontaktperson og personalet skal sørge for å etablere trygg tilknytning

Personalet i barnehagen skal ivareta barna sine behov for omsorg og kunne leggje til rette for at barna kan knyte seg til kvarandre og til personale. Det står òg i rammeplanen at personalet skal sørge for at alle barn opplev tryggleik, tilhøyrslø og trivsel i barnehagen. Vidare seier rammeplanen at personalet skal møte alle barn opent, med varme og interesse og vise omsorg for kvart enkelt barn. Personalet skal òg vera lydhør for barna sine uttrykk og møtekomma deira behov for omsorg med sensitivitet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19-20).

Tryggleik var eit omgrep begge informantane brukte mykje under intervjuet, og for dei var det viktig å ta seg god tid til å skape tryggleik og gode relasjonar for barna. Det rammeplanen seier om at barnehagen skal ivareta barna sine behov for omsorg kan ein knyte opp mot det Drugli et, al (2020) skildrar om trygg tilknytning, og at det krev at barnehagepersonalet bevisst jobbar for og har fokus på å gi barnet ei kjensle av at dei bryr seg om, og ser barnet frå første stund, slik at det skaper ei trygg tilknytning for barnet (Drugli, et.al., 2020, s. 36).

Under intervjuet fekk begge informantane spørsmål om kva dei la i omgrepet trygg tilvenning. I2 seier at ein som vaksen i barnehagen må ta seg tid nok til å skape tryggleik, og at dei får igjen for investering i tid i byrjinga seinare. I2 fortel òg at heile den første tida er fokuset å tryggje barna, og meiner at det krev nok vaksne i barnehagen for å få det til (I2). I1 fortel at dei skjermar barna, med å gje dei tid til å bli kjend med dei vaksne dei skal bli trygge på i første omgang. Når dei er trygge på desse vaksne, så kan dei bli trygge på andre vaksne i barnehagen. Vidare fortalde I1 *«Vi må anerkjenne behova deira, dei skal få lov til å kjenne på at dei er redde, dei skal få lov til å kjenne på saken og dei vaksne må trøsta når det er behov for det»* (I1). Vi ser her kor viktig det er at barna vert møtt på deira premiss, og at ein som vaksen må sjå kvart enkelt barn og vera sensitive ovanfor kvart enkelt barn sitt behov. Vi forstår ut frå det I1 fortel at dei tek barna sine behov på alvor og møter barna på ein anerkjennande måte i ein sårbar situasjon. Drugli, et.al. (2020, s. 33) hevder at trygg tilknytning veks fram når omsorgspersonen er til stades i ulike situasjonar og deler erfaringar med barnet for eksempel med å vise støtte og hjelpe barnet dersom barnet ikkje har det bra, eller å vise glede og begeistring dersom barnet meistrar noko nytt. Det Drugli et. al. (2020) peiker på er viktig for at barn skal oppleve tryggleik, og det I2 og I1 skildrar ovanfor handlar i stor grad om dette.

Kontaktpersonar for kvart enkelt barn kan vera med på å skape trygg tilknytning og gode relasjonar, dette er noko begge informantane seier at dei tek i bruk under

tilvenningsperiodane. Det å ivareta, vise omsorg og anerkjenne dei yngste i barnehagen er svært viktig. Vi spurde informantane våre om korleis dei jobbar for å skape ein trygg tilvenningsperiode og trygg tilknytning for barna. I2 fortalte oss at fokuset deira under tilvenning er at barna skal bli kjend med dei vaksne i barnehagen, og at ein som vaksen skal yte omsorg så godt det lar seg gjera. Vidare seier ho at: *“tryggleik er basen til alt anna.”* (I2). I følge Drugli et, al (2020) er tryggleik ein føresetnad for små barns trivsel, utvikling og læring (Drugli et.al, 2020, s. 32). Vi kan òg knyte dette opp mot det Drugli et. al (2020) seier om at eit barn som opplev trygg tilknytning vil få auka sjanse for gode relasjonar til andre barn og nye vaksne, og at det òg vil fremje barnet si motstandskraft (Drugli et.al, 2020, s. 33).

I2 fortalte oss at det er viktig at barna har tilknytning til minst ein vaksen, det kan vere kontaktpersonen eller nokon andre vaksne. Under intervjuet med I1 fortalde ho at dei fordeler kontaktpersonar i personalgruppa og at dei vel å ikkje vise det tydeleg til foreldra, det gjer dei fordi mange foreldre heng seg opp i kven som er kontaktperson og vil dermed ikkje levere barnet sitt til andre enn kontaktpersonen. Vi undrar oss over kvifor dei ikkje viser tydeleg kven som er kontaktperson for barna. Dersom det skapar tryggleik og forutsigbarhet for foreldra og barna ser vi ikkje det som noko problem at dei veit det, sidan tryggleik og forutsigbarhet er viktig den første tida. Broberg et.al. (2014) meiner at det er openbart at barnet aller først må kjenne seg trygg med ein vaksen i barnehagen, for så og gradvis bli i stand til å knyte seg til dei andre vaksne (Broberg et.al, 2014, s. 137). For at kontaktpersonmodellen ikkje skal bli for sårbar kan det vera lurt å ha ein primær og ein sekundær kontaktperson (Drugli et.al., 2020, s. 84).

Vi undra oss over korleis dei vaksne i barnehagen veit sikkert om barnet er trygt nok, og kva tid barnet faktisk er klar for å skape nye relasjonar med andre vaksne og dei andre barna i barnehagen. Informantane våre fekk spørsmål om korleis dei kan sjå at eit barn er trygt. I1 fortalde oss at blikkontakt mellom barnet og den vaksne er viktig, og at ein ser tryggleik dersom barnet vel å søkje den vaksne i leiken, og dersom dei viser at dei er nysgjerrige og utforskande. I1 fortalde oss òg at eit trygt barn utforskar rommet. I2 forklarte oss at dei ser at barna er trygge når dei kjem til dei vaksne og viser interesse. I2 seier vidare at det viktig at barna rundt er trygge på kvarandre. *«Nokre barn leikar litt med andre barn og brukar rommet, for så å søkje tilbake til tryggleiken, altså den vaksne»* (I2). I2 fortel vidare at alt er fletta i saman. Vi knyt dette til det Drugli et. al (2020) seier om at: “eit barn som opplever

trygg tilknytning vil få auka sjanse for gode relasjonar til andre barn og nye vaksne, det vil òg fremje barnets motstandskraft” (Drugli, et.al., 2020, s. 33). Brandtzæg et.al. (2013) meiner at kvalitet i barnehagen for dei yngste barna handlar om at barna har høve til å danna ein eller fleire sekundære tilknytingsrelasjonar, slik at tryggleik vert etablert og stress vert redusert. Vidare fortel dei at dei har sett at barn er avhengige av den tryggleiken og omsorga ein nær og kjend vaksen representerer, samstundes som at det verkar stimulerande for barns utvikling å ha eit nært forhold til fleire vaksne. Dei hevder at forskning viser at barn si trivsel og psykiske helse vert stimulert når dei har fleire sekundære tilknytingsrelasjonar (Brandtzæg et.al. 2013, s. 22).

Å ha ein fast kontaktperson kan vera ein stor tryggleik for barnet, og det kan vera med på å skape ein relasjon og tilknytning mellom dei. Vi tenkjer òg at kontaktpersonen for barnet er ein viktig del av ei god tilvenning, og for å skape ei trygg tilknytning. Drugli et al (2020) seier at tilknytning vert utvikla gjennom erfaringar frå samspel (Drugli, et.al, 2020, s.30). Bowlby har forska på omgrepet “trygg base” (a secure base), og dette er ein sentral faktor i tilknytingsprosessen (Askland & Sataøen, 2013, s. 65). Askland og Sataøen (2013) skriv at når eit barn opplev ein person som varm, tilgjengeleg, lydhøyr og sensitiv, gir det barnet ei sterk kjensle av tryggleik. Barnet vil etter kvart oppleva personen som ein base, ein stad der det kan vende tilbake for å få påfyll av nærleik, kjærleik, merksemd og trøyst (Askland & Sataøen, 2013, s. 65). Sett i lys av denne teorien ser vi at ein kontaktperson kan være ein viktig trygg base for barnet. I følge Drugli (2017a) er det større sannsyn for at barnet utviklar ein god og nær relasjon når den vaksne har spesielt ansvar for nokre få barn og kan konsentrere seg om dei. På denne måten veit barnet at primærkontakten er der dersom det treng det, og det skaper ro og tryggleik til å utforske og lære. Samstundes meiner Drugli (2017a) at ein slik kontaktpersonmodell vil etter kvart som barnet etablerer tryggleik i relasjon til kontaktpersonen, kunne bruke tryggleiken som base for vidare utforsking av både relasjonar og barnehagen sitt miljø (Drugli, 2017a, s. 150). Dette kan støtte det I2 seier om tryggleik og kva det har å seie for vidare løp. I2 fortalde oss at tryggleiken er viktig, og at det gir ein god start for det vidare barnehageløpet.

Det er ikkje alltid slik at det er den personen barnet har fått som kontaktperson barnet faktisk får best relasjon til. Drugli et.al. (2020, s.84) seier at barnet nokon gonger aktivt søker mot ein annan tilsett enn kontaktpersonen og at det kan vera grunna at barnet opplev denne personen som meir sensitiv ovanfor det og møter barnet på ein annan måte, som barnet likar betre. I slike

tilfelle anbefaler Drugli et.al. (2020) å byte kontaktperson, sidan barnet uansett vil bli kjend med alle på avdelinga etter kvart som det slår seg til ro i barnehagen (Drugli et.al. 2020, s. 84). I eit slikt tilfelle er samarbeidet i personalgruppa viktig, for at alle skal bidra der dei er gode. Dette seier I1 om det å samarbeide som eit team: *«Eg som pedagogisk leiar har eit fokus på å heile tida jobba som eit team. Det er ikkje berre pedagogisk leiar sitt syn som er rett, for alle har gode innspel og syn som kan vera gode»* (I1). Vi ser det som nyttig å bruke ressursane frå heile personalgruppa i ein tilvenningsperiode.

5.3 Å tryggje foreldra i tilvenningsperioden

Informantane var naturlegvis mest opptekne av at barna skulle oppleve tilvenninga som trygg, men likevel drog dei inn det å tryggje foreldra ved fleire anledningar. Dei meinte at å jobbe for å tryggje foreldra var ein stor del av det å skape ei god og trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen. I1 sa at det er viktig å støtte foreldra, og vise forståing for dei i situasjonen dei står i under tilvenninga. I2 sa at: *«Det er viktig å bruke tid på og ivareta foreldra dersom dei opplev barnehagestarten som vanskeleg»* (I2). Drugli (2017a) hevder at nokon foreldre treng mykje bekrefting på at barnet har det bra og finn seg til rette i barnehagen. Andre foreldre treng gjerne å få høyre kor viktig det er at dei tek seg tid til å delta aktivt under tilvenningsperioden fram til barnet er trygt. Ho hevder at nøkkelen til byrjinga av eit godt samarbeid som regel er open kommunikasjon (Drugli, 2017a, s. 100-101).

I følge rammeplanen skal barnehagen: *«Ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barne hage-lova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg»* (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Det gode samarbeidet er viktig og ein kan sjå det i tråd med teorien til Drugli (2017a). Ho hevder at eit godt foreldresamarbeid frå byrjinga av er avgjerande for den tida barnet går i barnehagen, og meiner at det difor er viktig å leggje til rette for å skape eit godt foreldresamarbeid den dagen barnet byrjar i barnehagen (Drugli, 2017a, s. 99). Begge informantane er tydelege på at arbeidet med foreldra under tilvenningsperioden er viktig, og at ein som tilsett i barnehagen må tryggje foreldra på at barna skal ha det godt i barnehagen og at deira barn vil bli sett og høyrte. Drugli et.al. (2020) tek føre seg det viktige rundt det å tryggje foreldra i det arbeidet som vert gjort i barnehagen. Dei meiner at det er viktig å byggje opp tillit frå byrjinga av og at det kan vera med på å styrkje foreldresamarbeidet. Er

det ikkje tillit mellom partane kan det vera vanskelegare å få til eit godt og fungerande foreldresamarbeid (Drugli et.al., 2020, s. 52).

I1 fortalde kor viktig det er å spele på lag med foreldra, og heile tida vera i god dialog med dei under tilvenningsperioden. I1 fortalde blant anna at: «*Gjennom heile veka er det stor fordel å sende melding til foreldra, slik at ein ikkje gløymer foreldra i denne situasjonen*» (I1). I følge Drugli (2017a) har forskning dokumentert at det er samanheng mellom kvaliteten på samarbeidet mellom personalet og foreldre og korleis barnet finn seg til rette i barnehagen. Ho hevder òg at det er funne samanheng mellom eit positivt foreldresamarbeid og kvaliteten på relasjonen mellom barna og personalet. Det viser seg at gjensidig og varm kommunikasjon mellom foreldre og personalet har positiv effekt på korleis barn trives og fungerer i barnehagen (Drugli, 2017a, s. 104-105). Vi ser kor viktig dette er, likevel har vi erfart at det ikkje alltid er like enkelt å få til ein gjensidig og varm kommunikasjon med alle foreldre. Korleis kan ein då skjerme barna og likevel sørge for at barna opplev ei trygg tilvenning? Ut i frå vår erfaring ser vi at særleg for barna sin del er det viktig å møte alle barn og foreldre med eit smil, seie hei og bruke namnet til barnet. Dersom vi viser at vi ønskjer å ha eit godt forhold til foreldra, kan det gjerne smitte over på både barn og foreldre. Drugli et.al. (2020) underbyggjer våre erfaringar og seier at: «*Ansatte sikrer en god mottakelse av barna på morgenen ved å være nærværende, imøtekommende og fokusert på det enkelte barn og den enkelte forelder når de kommer til barnehagen*».

Vi spurde informantane om korleis dei legg til rette når eit barn går frå å vera heime med sine næraste til å byrje i barnehagen. I1 fortalde at ein må tryggje foreldra på at det er heilt normalt at barnet vil få ein reaksjon, det er mange nye inntrykk og eit heilt anna tempo på dagane i barnehagen kontra ein dag heime med omsorgspersonane. I2 meinte at det er viktig at foreldra er med i barnehagen under tilvenningsperioden, fordi at dersom barnet ser at foreldra godtek dei vaksne i barnehagen, vil det dermed bli lettare for barnet å godta dei vaksne. Vidare meiner I2 at det er viktig å etablere ein god relasjon til foreldra, sidan barna speglar foreldra sine kjensler. «*God relasjon mellom personalet og foreldra, kan gi trygge foreldre, og trygge foreldre gir trygge barn*» (I2). Drugli (2017a) underbyggjer det informantane seier om å tryggje foreldra. Ho seier at eit godt samarbeid frå byrjinga av vil gjere det lettare for foreldra og for barna under tilvenningsperioden. Når ein har klart å få foreldra trygge vil dette vera til hjelp for barnet under tilvenningsperioden. Trygge foreldre vil bidra til å få barnet mykje tryggare i fasen som barnet går inn i (Drugli, 2017a, s. 99). Vi ser samanhengen mellom

trygge foreldre og trygge barn. Likevel stiller vi spørsmål til om ikkje barnet burde vera meir i fokus? Dersom det hadde vore enda meir fokus på barnet og på å tryggje det, ville gjerne foreldra også blitt trygge? Dersom personalet viser tydeleg til foreldra at det er barnet som er viktigast, og er genuint oppteke av det, vil gjerne foreldra kjenne seg sett og forstått også. Tilvenninga er jo først og fremst for barna sin del.

Begge informantane snakka om kor viktig det er å tryggje foreldra og rettleie dei gjennom tilvenningsperioden. I1 peikte på kor viktig det er å tryggje foreldra, og sa at: *“Vi treng å tryggje foreldra, for barn speglar seg i foreldra. Særleg i ein leveringssituasjon er det viktig å tryggje foreldra, og minne dei på kor viktig det er at dei seier skikkeleg hadet til barnet, og ikkje berre snik seg ut.”*(I1). I1 meinte at dersom foreldra ikkje seier hadet til barnet kan det opplevast traumatisk for barnet, og gjera vondt verre. I1 peiker på at det er viktig å forklare foreldra at det er normalt at barnet skrik når mor eller far går frå det i barnehagen, men at det ofte går fort over. Den viktige hadet-situasjonen meinte I2 òg var svært viktig og sa at dei har stort fokus på at foreldra seier ordentleg hadet til barnet. I2 meiner at om det ikkje vert gjort, bryt dei tilliten til barnet, og at det kan ta lenger tid med tilvenninga dersom det ikkje vert sagt skikkeleg hadet. Det kan tenkjast at dette er føreseieleg for barna og at det òg kan gi ein slags ro for foreldra å ha teke ein skikkeleg avskjed med barnet. Drugli et.al. (2020) hevder at gode og føreseielege rutinar fremjar ytre tryggleik for små barn (Drugli et.al., 2020, s. 112).

Vi stilte informantane spørsmål om dei hadde erfaring med barn som ikkje taklar overgangen frå heim til barnehage og kva som skjer i slike høve, med utgangspunkt i korleis ein skal tryggje foreldra dersom dette oppstår. I1 presiserer at det er viktig å vise forståing for foreldra dersom eit barn ikkje taklar overgangen så godt, og meiner at dei tilsette i barnehagen må vise foreldra at ein har eit ønskje om å hjelpe dei, og at ein støttar dei under tilvenningsperioden. I2 snakkar òg om kor viktig det er å ivareta foreldra og det å bruke tid gjennom prosessen. Om overgangen frå heim til barnehage er utfordrande for eit barn kan det å byggje på gjensidig respekt vera til hjelp, og det er viktig for vidare arbeid for å sikre barnet sitt beste. Å tryggje foreldra er noko som må leggjast godt til rette for, dersom eit barn ikkje taklar overgangen frå heim til barnehage, og dei tilsette må få foreldra med på dette arbeidet. Dei tilsette i barnehagen må få foreldra med ved å tryggje dei, men samstundes få til den gjensidige respekten. Dette vil vera avgjerande for eit vidare arbeid rundt det og få eit barn som ikkje taklar overgangen så godt til å takle overgangen betre (Drugli et.al., 2020, s. 52).

Dei syntes det var viktig at alle får eigarskap til dei planane som vert laga, slik at alle kjenner seg inkludert og motivert for arbeidet. Dei meinte at å lage gode planar som alle dei tilsette på avdelinga eller basen er godt kjende med vil bidra til at tilvenninga kan opplevast klar og tydeleg for både barna og foreldra. Dei tilsette vil gjera arbeidet likt, og arbeide mot same mål, og foreldra veit kva dei har å halde seg til. Dette kan bidra til å tryggje foreldra, meiner både I1 og I2. Som foreldre kan nokre kjenne på at dei er engstelege for om dei vaksne i barnehagen ser deira barn, og kan vera usikre på om dei tilsette vil få med seg kva deira barn har behov for. Nokre foreldre kan vera engstelege for at dei tilsette ikkje skal forstå kva barnet prøver å uttrykkje i ulike situasjonar. Som pedagogisk leiar er det difor viktig og heile tida vera i dialog med foreldra for å få med seg kva det enkelte barn har behov for. Og samstundes tryggje foreldra på at dei vaksne i barnehagen ønskjer å forstå kva det enkelte barn har behov for og difor er det viktig med den gode dialogen (Drugli, 2017, s. 99).

6.0 Avslutning

Gjennom arbeidet med denne oppgåva ønskte vi å få meir kunnskap om tilvenning og vi var interesserte i å finne ut av korleis pedagogiske leiarar legg til rette for ei god tilvenning. Sidan vi berre intervjuar to pedagogiske leiarar vil ikkje det vera nok grunnlag til å seie noko om tilvenning generelt i norske barnehagar. Difor vel vi å ikkje komma med ein konklusjon. Vi har likevel funne nokre fellestrekk ved kva pedagogane ønskjer å leggje vekt på under tilvenning med dei yngste barna i barnehagen. Gjennom arbeidet med funna sett i lys av teori, har vi reflektert over tilvenninga av dei yngste barna i barnehagen. Begge informantane våre nytta tre dagars tilvenning og la stor vekt på bruk av kontaktperson. Dei meinte at trygg tilknytning var viktig for å skape ei god tilvenning og meinte vidare at å tryggje foreldra under tilvenning er ein stor del av prosessen. Pedagogisk leiar si rolle er å leie personalet, foreldra og barna under tilvenningsperioden, og er den som har ansvaret for å sikre ei god tilvenning. Vi har sett verdien av innsatsen som blir gjort under tilvenninga for at barna skal få ei god oppleving av barnehagelivet. Erfaringane vi har gjort oss tek vi med oss vidare, og vi ser at vi heile tida må ha med oss eit kritisk blikk og reflektere over alt arbeid som blir gjort for å utvikle kvaliteten i barnehagen. Vi kan stadig lære noko nytt.

7.0 Litteraturliste

- Abrahamsen, G. (2013). En god start i barnehagen: toleranse for avskjed i tårer og tid til det nødvendige. I Haugen, S., Løkken, G., & Røthle, M. (red). *Småbarnspedagogikk: Fenomenologiske og estetiske tilnærminger*. (s. 69-83) Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager*. Oslo: Universitetsforl.
- Abrahamsen, G. (2010). Tilvenningsperioden - en balansekunst for store og små. *Barnehagefolk*, 2, s. 31-38.
- Askland, L., & Sataøen, S. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (3. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Befring, E. (2020). *Sentrale forskningsmetoder : Med etikk og statistikk* (2. utgave. ed.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra : Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforl.
- Broberg, M., Hagström, B., Goveia, A., Broberg, Anders, & Goveia, Ingvill Christina. (2014). *Tilknytning i barnehagen : Hva betyr trygghet for lek og læring?* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Busch, T. (2013). *Akademisk skriving for bachelor-og masterstudenter*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forl.
- Drugli, M., Lekhal, R., & Buøen, E. (2020). *Tilvenning og foreldresamarbeid : De yngste i barnehagen* (De yngste i barnehagen). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Drugli, M. (2017a). *Liten i barnehagen*(3. utg. ed.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Drugli, M. (2017b). *Liten begynner i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Hentet fra <https://www.udir.no>
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*(3. utgave). Oslo: Gyldendal.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*(4. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Postholm, M.B., & Jacobsen, D. J.(2019). *Læreren med forskerblick : Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.